



Boligsenteret Bergen as  
Ervikveien 70 B  
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:  
Dykkar: Tom Lingjerde  
Vår: 15/86 - 15/4948

Saksbehandlar:  
Anne-Lise Næs Olsen  
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

10.03.2015

## Førebels tilbakemelding - endring av reguleringsplan for Holmemarka aust - PlanID 1256 2003 1029

Meland kommune har motteke Dykkar søknad om mindre endring av reguleringsplan datert 13.01.2015.

Me har sett gjennom søknaden Dykkar, og denne er vedlagt kvittert nabovarsling, situasjonsplan for område B8, oversiktskart for utparsellering, tomtesnitt og illustrasjonsteikningar for bustadar/garasjar.

Me har nokre merknader til søknaden og me treng litt utfyllande dokumentasjon.

1. Me treng at De utarbeider eit plankart for endringa.  
Plankartet skal vera i digital form og i samsvar med gjeldande rettleiarar. Plankartet skal ha vektorform og gjeldande SOSI-standard, og det skal innehalde formålsgrenser, eigedomsgrenser, byggjegranser, bebyggelse, frisikt, målsetting av veg, utnyttelse og byggjehøgder. Det er viktig at det framgår av plankartet kva som er felles veggrunn.
2. Snitt-teikningar syner at det på parsell 2 og 3 er planlagt fylling på om lag 2,5 meter i nord. Me bed om at De greiere ut korleis fylling er planlagt avslutta mot felles grøntområde i nord.
3. Snitt-teikningar syner at det på parsell 5 er planlagt skjæring på om lag 2,5 meter i sør. Me bed om at De greiere ut korleis skjeringa er planlagt avslutta mot parsell nr. 7, og om det her vert nødvendig med sikring. Det same vil også gjelde for parsell 6 og 7 ved skjæring mot sør.
4. Det kan sjå ut som om det kan verta vanskeleg å snu på eigen grunn på nokre av dei planlagde parsellane. Me bed om at De ser på dette, og lagar ein illustrasjonsplan med snuradius for dei ulike parsellane.
5. Tilkomst til parsell 7 er planlagt mellom garasje og bustad på parsell 6. Dette er uheldig og De må finne eit betre løysing for tilkomst her.

Ta kontakt ved spørsmål eller om De vil drøfte saka.

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen  
Fagansvarleg Plan

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*